



Os junior open

11. 13. mars 2022



Os junior-
bridgeklubb

osbk.no/Os-juniorbridgeklubb

facebook



Os junior open 2022

Os juniorbridgeklubb innbyr til juniorbridgeturnering på Os helga 11. - 13. mars 2022. Vi legg opp til parturnering i tre klassar.

Spelninga føregår laurdag 12. mars, men det er mogleg for tilreisande å koma fredag 11. og overnatta på spelestadene. Tilsvarande er det mogleg å overnatta til søndag og ta heimreise etter frukost. Ein må ha med nødvendig utstyr til overnatting sjølv. (Liggeunderlag, sovepose etc.)

Alt av spelning og måltid vil skje på Os ungdomskule/Os Aktiv. Her er òg tilgang til ei rekkje fritidstilbod, som bordtennis, biljard, gaming, basketball, handball, fotball med meir.

Turneringa og alle måltid heile helga er gratis. Vi støttar alle norske spelarar med lang reise og dekkjer alle reisekostnader over kr 1000.- pr. spelar.

Os ungdomsskule ligg nær Os sentrum og ca 30 min. køyring frå Bergen/Flesland. Vi kan ordna henting/levering på Flesland for dei som kjem med fly. For dei som kjem med tog, ta buss til Os sentrum og gå 2 minuttar derifrå.

Påmelding til turneringa kan gjerast frå NBF sin turneringskalender. Her er òg info om antall spel etc i dei ulike klassane.

Spørsmål om turneringa kan gjerast til Torhild 995 40 604 eller Leif 938 40 376.

Vel møtt til til juniorturnering på Os!





Program for helga

Fredag 11. mars

Frå klokka 18.00 - ankomst
21.00 middag

Laurdag 12. mars

08.00 - 10.00 - frukost
10.00 1. sesjon
13.00 Lunsj
15.00 2. sesjon
20.00 Middag/premieutdeling
21.00 Diskotek/kahoot/quiz mm

Søndag 13. mars

09.00 - 11.00 frukost
Heimreise etter frukost

Premiering (pr. par, eldste spelar i paret set klasse.)

	10 - 14 år ca 16 spel	15 - 19 år ca 32 spel	20 - 25 år ca 48 spel
1. premie	4 000.-	6 000.-	10 000.-
2. premie	3 000.-	4 000.-	6 000.-
3. premie	1 000.-	2 000.-	3 000.-

Vidare premiering etter deltaking (sponsorpreamiar). Spurtpermiar i alle rundar. Søknad om Forbundsponeng er sendt NBF. Yngre spelarar kan velja å spela i eldre klasse, men eldre kan ikkje velja yngre.



Turneringa er støtta av

